

## Ny næringsutvikling i Austrheim

Olje- og gassnæringa har i lang tid vore den viktigaste næringa for Austrheim kommune, men dei globale klimaendringane gjer framtida for denne næringa usikker. Det er derfor svært viktig for Austrheim kommune å leggja til rette for nye næringar. Myndighetene legg opp til ein svært stor auke i norsk matproduksjon for å nå FN sine mål om ein auke på 70% i verdas matproduksjon innan 2050. Dette kan me berre oppnå ved å auka produksjonen vår av marine artar som fisk, sjøpølse, tang og tare.

I utkastet til «Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland», kjem det fram at området utanfor næringsområdet i Øksnesmarka, har svært god vasskvalitet. Det er også svært djupt utanfor dette området slik at ein kan henta sjøvatn frå djupnar heilt fritt for lakselus. Under gjennomgangen av «Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland» på Helsehuset i Knarvik 15. november i år, hevdar ein representant frå Havforskningsinstituttet at det i framtida truleg vil vera tre produksjonsmetodar for lakseoppdrett. Landbaserte anlegg, utsleppsfree anlegg i sjø og nedsenka anlegg i sjø.

Øksnesmarka eignar seg til alle desse tre produksjonsmetodane.

Aksjonsgruppa «Nei til rasering av Øksnesmarka og Åråsvågen» har i desember 2022 gitt ut ein ny informasjonsbrosyre. Denne brosjyren inneheld mykje faktainformasjon om planane for næringsverksemd i Øksnesmarka. Det tyder på at planprosessen er open og at planleggjarane deler det som er av tilgjengeleg informasjon om prosjektet med dei som måtte ha interesse for dette. Elles må det vera lov å peika på at bileta som er nytta i brosjyren ikkje viser næringsområdet, men areal som ligg langt utanfor dette og som i framtida vil vera LNF-område som i dag.

Det brosjyren ikkje fortel er at planane for Øksnesmarka er basert på FNs «Food first»-prinsipp og Norge sin ambisjon om å vera ein pioner i utvikling av ein grøn, sirkulær økonomi med betre ressursutnytting. Brosjyren fortel heller ikkje at planane stettar Vestland fylke sine ambisjonar om å vera ein pådrivar for berekraftig utvikling og skaping av nye arbeidsplassar gjennom omstilling og grøn konkurranseskraft, samt Austrheim kommune sin planstrategi: Vera ein attraktiv plass å bu, besøkja og etablera næringar. I kommunen skal det leggjast stor vekt på næringsutvikling og berekraftige arbeidsplassar.

Brosjyren hevdar at ei næringsutvikling i Øksnesmarka vil vera i strid med det Nordhordland skal stå for som eit Unesco biosfæreområde, men dette er feil. Det skal vera mogeleg å etablera nye næringar i eit biosfæreområde, men det må sjølv sagt gjerast på ein berekraftig måte. Planane for Øksnesmarka er å produsera marine produkt på ein slik måte at alle avfallsprodukt kjem til nytte. Planane byggjer på prinsippa om sirkulær økonomi og næringsområdet vil dersom planane blir realiserte, bli eit miljøfyrtegn i kommunen. Dersom næringsområdet i Øksnesmarka vert bygd ut slik Norconsult sin moglegheitsstudie viser, vil det byggja opp om Nordhordland sin status som biosfæreområde.

Motstandarane av ei næringsutvikling i Øksnesmarka hevdar at ei utbygging vil truga naturmangfaldet i kommunen, men ei moderne utbygging der ein frå dag ein tek sikte på å gjera utbygginga så miljøvennlig som mogeleg, vil ikkje få slike konsekvensar. Arbeidarpartiet vil sjå til at det blir ei skånsam utbygging som sikrar god masseballanse for både jord- og steinmassar. Desse massane skal med andre ord nyttast i næringsområdet og i vegtraseen og ikkje køyrast ut av området. Arealbruken skal vera målretta og det skal nyttast både kompenserande og avbøtande tiltak for å minimere skadeverknader på klima, natur og naturmangfald.

Frå motstandarane av næringsetablering i Øksnesmarka har det blitt hevdat at området er eit leveområde for den sterkt truga sommarfuglen Breibandpraktviklar, men denne lever på Primula-

artar og desse er ikkje registrert i næringsområdet av Norconsult sine observatørar sommaren 2022. Det vil bli gjort nye undersøkingar i 2023 og desse skal omfatta eit langt større område enn sjølve næringsområdet. Ein kan derfor føla seg trygg på at omsynet til klima og naturmangfold blir teke på største alvor i samband med planlegginga av næringsområdet.

Det er gjort nokre konsekvensutgreiingar i samband med den politiske behandlinga av næringsarealet, men ingen av desse har i tilstrekkeleg grad lagt vekt på verdiskapinga ein vil få som følgje av etablering av næringsaktivitet i området. Både talet på arbeidsplassar og forventa verdiskaping må med i reknestykket når alle konsekvensane av ei næringsutvikling i Øksnesmarka skal vurderast. Fleire arbeidsplassar i kommunen vil ha stor betydning for samfunnsutviklinga og vera avgjerande for korleis kommunen vil vera i stand til å løysa sine oppgåver i framtida.

Reguleringsplanen for Øksnesmarka vil innehalda ei rekke føresegner som vil leggja føringar for kva som kan gjerast, kva som kan byggjast og kva som kan produserast i området. Planen vil også ha krav om både tidsplanar og kva støynivå som kan aksepteras både under utbygging og seinare i driftsfasen. Det vil også vera klare krav til kva utslepp dei enkelte produksjonseiningane kan ha. Når ein ser kva krava som i si tid vart stilt til drifta av oljeraffineriet på Mongstad har ført til av både dyreliv og naturmangfold, forstår ein at ei utvikling av næringsarealet i Øksnesmarka kan gjerast praktisk talt utan negative verknader på klima og naturmangfold. Her er det berre å sjå Hans Gunnar Skarstein og Magne Sleire sin film om det ufrivillige reservatet på Mongstad for å forstå at natur og næring kan gå hand i hand dersom ein lagar gode planar og legg dei rette føringane for ei næringsutbygging og det vil bli gjort for næringsarealet i Øksnesmarka.

Per Lerøy

12.12.2022